

Protokoll

Regionrådet Nordhordland – fredag 23. september

Møte: 5-2022
Tid: Fredag 23. september kl. 09:00 - 13:30
Stad: Region Nordhordland Helsehus, kunnskapsenteret, møterom Mongstad


Til stades:

Ordfører:	Øyvind Oddekalv (varaordfører Alver), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Berit Rystad (Fedje), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarne Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Bent Gunnar Næss (referent), Anne Hildegunn Færøy, Anita Bjørsvik Kvamme
Andre:	Sak 30/22: Einar Vaage (GreenSpot Mongstad) Sak 33/22: Hans Kristian Dolmen
Forfall:	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Reidun Halland (Gulen), Rune Heradstveit (Region Nordhordland IKS)

Sak 28/22	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 29/22	Godkjenning protokoll møte 4-2022 Vedtak: Møteprotokoll frå møte 4-2022 vart godkjent utan merknadar.
Sak 30/22	Frå ord til handling på Mongstad. Einar Vaage, leiar for GreenSpot Mongstad, informerte om saker og aktivitetar som skjer i dette prosjektet (presentasjon vedlagt): <ul style="list-style-type: none">▪ området gir stort potensiale for etablering av ny næring i den grønne omstillinga▪ området har mange konkurransefortrinn gjennom allereie etablerte selskap, tilsette med god kompetanse, og med industriareal som ligg strategisk plassert▪ det er viktig å få til godt samarbeid der aktørar i ulike bransjar samhandlar, t.d. må «avfall» frå ei bedrift kunne nyttast som ressurs i ei anna bedrift▪ det er viktig at alle erkjenner behovet for omstilling Vedtak: Regionrådet stiller seg bak satsinga på Mongstad, og ønskjer å vera tett på vidare satsing og framdrift.
Sak 31/22	U864 - rapporten. Stian Herøy orienterte kort om rapporten for U-864 som no er lagt fram. Rapporten tilrår i korte trekk følgjande: <ul style="list-style-type: none">▪ Ein vil fjerna mest mogleg av kvikksølv

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein vil ikkje heva heile vraket, usikkert med torpedoar og TNT ▪ Ein vil dekkja over vraket når det som kan fjernast er tatt opp <p>Rapporten skal no ut på høyring. Planen er at Stortinget får den til handsaming hausten 2023, og forhåpentlegvis då set av budsjettmidlar for 2024.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 32/22	<p>Diverse info helse – bl.a. oppstart helsefelleskap / digitale prosjekt / EUVECA (EU-prosjekt)</p> <p>Anne Hildegunn Færøy og Anita Bjørsvik Kvamme frå Region Nordhordland IKS orienterte om status for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeidet med etablering av Helsefelleskap og kva dette skal vera med å bidra til ▪ Prosjekt «Digital samkonsultasjon og heimeoppfølging av kronisk sjuke», metode og verktøy for tverrfagleg samhandling og meir heilskapleg tilbod der pasienten bur ▪ EUVECA (EU-prosjekt) <p>Presentasjonar vedlagt protokoll.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 33/22	<p>Status Interkommunal plan for sjøareal</p> <p>Hans Kristian Dolmen og Bent Gunnar Næss frå arbeidsgruppa gav status for arbeidet med interkommunal plan for sjøareal.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Totalt er det 61 innspel som er KU vurdert ▪ Av desse vert om lag 38 innspel tatt med i arealplanforslaget ▪ Det er forslag om miljøkrav i føresegna <p>Det vart også orientert om utfordringar som ikkje vil bli løyst i ein arealplan. Det er mellom anna utfordringar som oppdrett med lakselus, rømming og forureining.</p> <p>Region Nordhordland IKS har bestilt ei utgreiing frå NORCE der oppdraget er å sjå på korleis akvakulturnæringa kan utvikla seg framover ved bl.a. ved å redusera problemet med lakselus og samstundes få til ein vekst i produksjonen. Dette er meint så å vera eit fagleg grunnlag for korleis ein framover bør arbeida for å forbetra miljøtilstanden og samstundes auke verdiskapinga.</p> <p>Vedtak: Regionrådet erfarer at arbeidet med arealplan ikkje vil løysa alle utfordringar med miljø og akvakulturnæringa sine utfordringar. Regionrådet ser det som tenleg at det vert starta opp eit utviklingsarbeid som ser på korleis miljøtilstanden kan forbetrast og samstundes auka verdiskapinga. Det vil vera naturleg å sjå dette arbeidet i samheng med fylket sitt arbeid.</p>
Sak 34/22	<p>E39 Vågsbotn – Klauvaneset</p> <p>Karstein Totland orienterte om status. Han viste til dei faste møta i kontaktutvalet for E39, og der ein tar opp viktigheita av å koma i mål med strekkja Vågsbotn – Klauvaneset. Det er viktig at regionen held presskontinuerleg press på framdrifta.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 35/22	<p>Eventuelt</p> <p>Tema i neste møte: Regionrådet ønskjer å invitera den nye statsforvaltaren Liv Signe Navarsete til neste møte i Regionrådet, og ber administrasjon ta kontakt for å avklara korleis dette kan gjerast.</p>

Knarvik, 23. september 2022



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

- Sak 30/22: Presentasjon «Frå ord til handling på Mongstad»
- Sak 32/22: Presentasjon - diverse helsesaker
- Sak 32/22: Presentasjon – EU-prosjekt «Euveca»
- Sak 33/22: Presentasjon - status interkommunal plan for sjøareal